



Slik skulle vi ha sett Bjarte Døssland på haustfesten, men han var ute i eit anna, viktig opdrag

- Folk frå Uskedalen har endeleg teke til vitet og funne på anna å gjere enn lokalpolitikk, sa Daltrekkredaktør Bjarte Døssland via stand in Bjarne Lilleaas under haustfesten i Helgheim, Han begrunna dette slik:

- Lokalpolitikken i Kvinnherad er så lokal at kvar og ein har store vanskar med å oppnå konsensus om ein skal turka seg i ræva med høgre eller venstre hand. Nokon må ta ansvar og trekkja seg ut. Ikkje or ræva, men or politikken. Uskedalen har grunn til å vera stolt over å vera den einaste av dei større bygdene som har takka nei til å vera med på listeaksjonar, lutstridar, kulturskulehat og gnål om den eine eller andre strukturen, Lat folk frå Rosendal, Husnes og Halsnøy

halda på med brødlause gjerningar i formannskap og bakmannskap, så kan vi i Uskedalen gå i motbakkar, læra ungane å gå på rulleski og leggja kunstig gras på flate bakkar.

Så streifa morosamguten innom at vi er ei bygd med stolt tradisjon når det gjeld å tilby den oppbeksande generasjonen fysisk fostring og fellesskap.

- Det er så mange ungar som går på ski her at ein nesten skulle tru vi hadde snø årleg. Og fotball spelar dei dag og natt. Alle får vera med, til og med dei som får det til. Det er kjekt å sjå. No har dei fått seg ein splitter ny fotballbane av plastikk og gummikuler, slik at ungane slepp å spela på skikkeleg gras.

Kulturen står og sterkt i bygda. Vi har blant anna eit kor med hovudtyngd av medlemene frå bygda vår. Dei syng av hjartans lyst og dukkar opp når vi minst ventar det. Det er så spesielt å høyra på at det mest er som ei ut-av-kroppen-oppleving. Nokon skulle ha forska på dei.

Kåsøren streifar også innom Festidalen : ' Dønhaug vert gjort om til eit hipsterhelvete under Festidalen, der utflytta seinåringar med låg kroppsvekst og litt for store briller tar med seg det nye urbane nettverket sitt på ruralsafari i det ytre bibelbeltet. Det vert drukke øl frå nanobryggeri og ete kjøt frå dei før omtalte fisekrøtera, det vert spela P3-muzak på scena og gaula 'guu kor koseleg' på jordet. Kor vart det av folkedans, vadmål og naseblod? Det er for gale, alt saman.

Og konklusjonen var dette:

'Dette er staden for meg og for alle andre med milde personlegdomsforstyrningar. Eg reknar difor med med at Uskedalen og er staden for dykk. Det er difor vi er her, dag etter dag'

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen